



**ANNLEIS:** Thomas Stanghelle, mormora Mathilde Marker og mora Turid Stanghelle ga sitt publikum ein julekonsert vi vil hugse lenge.

# Ein annleis julekonsert

Konserten som Åmli folkeakademi arrangerte i førre veke, blei ei spesiell oppleveling.

■ INGER STAVELIN

"Tre generasjonar" var konserten kalla, og dei tre som meir eller mindre har gjort dette til sitt merkenamn, er mormor Mathilde Marker, mor Turid Stanghelle og son Thomas Stanghelle. Alle tre er skolerte songarar, og dei hadde sett saman eit variert og underhaldande konsertprogram.

Turid hadde rolle som forteljar gjennom konserten, og dei bygde opp programmet rundt forteljinga om Mathilde som blei født for 90 år sia. Ved å knytte songar til hennar oppvekst og liv, fekk dei fletta inn bornesongar og religiose viser, operaariar, musikalar og julesongar. Det meste var kjent stoff, men den store breidda i re-

pertoar, stemmebruk og arrangement gjorde det likevel til ein konsert med overraskningar.

## Trekspelopera

Mange kjenner songaren Thomas Stanghelle som komponisten bak operamusikalen "Some Sunny Night" om maratonløparen Ketil Moe og hans kinesiske venn Mark Wang. Han er også medlem i Lindesnes Trekkspillklubb, og komponerer nå ein trekkspel opera.

- Lindesnes Trekkspillklubb har søkt i 10 år om å få spele i den nye operaen, men får avslag heile tida. Men vi gir ikkje opp, sa han og song om kampen for å komme til Den norske opera på melodi-en til O sole mio - sjølv sagt med trekkspelmusikk til. Publikum i Åmli lytta med store smil, og blir sikkert med til Oslo den dagen operaen endeleg taper kampen og må sleppe dei inn!

Både repertoarval og musikalisk framføring hadde stor variasjon, og mange var mektig impåierte over den 90 år gamle Mathildes utstråling og stemme. Eg syns sjølv ho var aller best i Alf Prøysens Romjulsdrøm og som kordame for Thomas i White Christmas. Turids varme, mørke altstemme stodde og løfta dei to andre så dei fekk skinne. På neste konsert ønsker eg meg meir av ho!

Ikkje dermed sagt at det var for mykje av andre. Thomas' tenor flaut oppunder kyrkjjetaket og kraup nedover ryggraden på oss. Einaste skår i gleda var at songanlegget ikkje klarte å halde tritt heile tida, slik at når han song som høgast og sterkest, skurra høgtalarane.

Det var Karin Børufsen frå Folkeakademiet som takka dei då konserten var over. Berit Junge Henriksen talte 53 tilhøyrarar.